



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
22/95695-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
24.06.2022

### Uttale til detaljreguleringsplan for Holme – Alver kommune – Offentleg ettersyn og høyring

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 13.05.2022. Saka gjeld høyring og offentleg ettersyn og høyring av detaljreguleringsplan for Holme, gnr. 310 bnr. 39 mfl. Høyringsfrist er sett til 24.06.2022.

Om planframlegget skriv kommunen:

*«Planområdet er på om lag 30 daa og er lokalisert på Holme i Meland. Forslagsstillar ynskjer å legge til rette for eit nytt bustadfelt i form av to- og firemannsbustadar. Totalt er det planlagt 30 nye einingar. I tillegg til desse inngår den eksisterande einebustaden ved gbnr. 310/92 som ein del av reguleringsplanen. Sør i planområdet vert eksisterande røyrleggjarbedrift regulert til næringsformål.»*

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

#### Uttale

Statens vegvesen hadde i samband med oppstartsmelding(ar) i 2019 innspel knytt til behov for utviding av plangrense for å sikre eit tilstrekkeleg areal til fortau og annan veggrunn. Vidare ba Statens vegvesen om at ein i planen tok med seg vegen i søraustre del av planområdet, langs gnr. 310 bnr. 228. Dette for å kunne vurdere vegen og avkøyrsla på nytt i samband med regulering.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

Etter det vi kan sjå er Statens vegvesen sine innspel følgt opp. Planområdet er utvida og det er etablert fortau frå Blåklokka barnehage til Holme forretningsområde.

Planføresegnene har med seg rekkefølgekrav til utbetring av avkøyrsla til planområdet. Det er vanskeleg å sjå ut i frå bilde korleis siktilhøva er her. Det er viktig at avkøyrsla oppfyller tekniske krav til sikt, bredde og svingradius også før anleggsarbeida tar til. Vi vil rå til at rekkefølgekravet vert knytt til igangsetjingsløyve, og at det gjennom gjennomføringsavtale med Vestland fylkeskommune vert nærare bestemt kva som må på plass før igangsetting av anleggsarbeid, og kva som kan vente til seinare. (f.eks. fast dekke, kantstein etc.).

Statens vegvesen har utover dette ikkje merknader til planframlegget slik det no ligg føre.

Transport vest, Transportforvaltning  
Med helsing

Frode Moen Aarland  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER